



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
31.03.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/4290  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland

### **Utlýsing av midlar til prosjekt "Ungdomsskulegutar som leikeressurs" i barnehagen**

Fylkesmannen i Hordaland inviterer kommunane til å søkje om midlar til prosjektet "Ungdomsskulegutar som leikeressurs i barnehagen" for barnehageåret 2014-15. Overordna mål er å rekruttere fleire menn og å styrke likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagane på kort og lengre sikt.

Fylkesmannen løyver kr. 325 000,- til prosjektet og inviterer kommunale og ikkje-kommunale barnehagar til å søkje om å delta. Kvar barnehage kan søkje om inntil 25 000 kroner. Midlane skal brukast til å løne ein eller fleire ungdomsskulegutar som får tilbod om å arbeide i barnehagen etter skuletid og eventuelt i feriar i skuleåret 2014/15. Vilkåret frå tidlegare om at barnehagen må ha menn som tilsette, er teke bort. Dei som søkte i 2013 kan søkje på nytt.

#### **Kommunen får tildelt midlane**

Det er kommunen som må prioritere og sende søknaden på vegne av barnehagane i kommunen. Kommunen vil motta midlane og skal overføre til barnehagen.

Midlane vert tildelt som eit eingongsbeløp, og kan brukast i 2014 og 2015.

#### **Kriterier for tildeling**

- Prosjektet må vere knytt til barnehagen eller til kommunen sin plan for arbeidet med rekruttering og likestilling.
- Prosjektet må vere forankra hos barnehageeigar, og styrar er prosjektansvarleg i eigen barnehage.
- Rekrutteringa skal skje i samarbeid med rådgjevar på ein lokal ungdomsskule.
- Ungdomskuleelevane skal tilbydast arbeidskontrakt.
- Gutane får ein av dei tilsette som rettleiar.
- Prosjektet må også inkludere nettverk / samling for leikeressursane i regi av kommunen eller i eit regionsamarbeid.

#### **Om prosjektet**

Barnehagen står fritt til å organisere prosjektet slik det høver best. Erfaringar frå andre har vist at prosessen kan starte med at rådgjevar og styrar møter gutane på skulen for å gje

informasjon om tilbodet. Gutane fyller ut eit søknadsskjema med opplysningar om interesser og kvifor dei sökjer jobben.

Barnehageeigar tilset i eit engasjement og kollar dei som får tilbod inn til eit felles informasjonsmøte med styrar og rettleiaren. Det blir omvising og partane avklarar forventningar.

### Rapportering

Dei som mottar midlar må rapportere disponering av midlane og måloppnåing basert på felles evaluering frå gutane og barnehagen. Rapporten skal sendast til Fylkesmannen innan 30. juni 2015. Utdanningsdirektoratet og Riksrevisjonen kan sette i verk ytterlegare kontroll med at midlane er nytta i tråd med føresetnadene.

### Søknad

Sökjarane må leggje ved prosjektplan med budsjett.

Søknad om midlar skal sendast samla til Fylkesmannen i Hordaland innan **10. mai 2014**. Fylkesmannen tek stilling til søknadene i løpet av mai månad.

Ev spørsmål kan rettast til saksbehandlar Ingunn Landro Sandset.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*